

MØTEINNKALLING

Utval: Komite for næring, kultur og idrett
Møtestad: Leikanger skule Herøy rådhus
Dato: 26.08.2013
Tid: 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

NB! Oppmøte ved Leikanger skule kl. 16.30, deretter Tjørvåg stadion, Munkvoll stadion og klubbhuset ved Havila stadion.

Komiteen vil bruke max ½ time på kvar oppmøteplass. Alle må vere godt førebudde slik at ein kan halde tida.

**Komiteen vil avslutte møtet på Herøy rådhus.
Eigedomsleiar Robert Myklebust vil orientere om Herøy Kulturhus.**

Fosnavåg, 19.08.13

Knut Johan Voldsund
fung.leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 59/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 60/13	Protokoll frå førre møte
PS 61/13	Referatsaker
PS 62/13	Vedk. søknad om tilskot til markering av stemmeretsjubileet 2013
PS 63/13	Vedk. tilskot til prosjektet - Eit glimt av tider som var på Herøy gard
PS 64/13	Søknad om tilskot til rehabilitering av Hirdhola

Referatskriv:

RS 5/13	Varsel om oppstart av planarbeid
RS 6/13	Varsel om oppstart av planarbeid
RS 7/13	Varsel om oppstart planarbeid.
RS 8/13	Varsel om oppstart planarbeid.
RS 9/13	Kulturutredningen 2014 - Høyringsuttale.

Dette vert delt ut i møte grunna u.off. §13:

Enkeltvedtak – Vedk. søknad om tilskot til deltaking på kulturhelg i Molde.

Enkeltvedtak – Vedk. støttekontakt til Herøyspelveka 2013.

PS 59/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 60/13 Protokoll frå førre møte

PS 61/13 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AK	Arkivsaknr:	2013/985
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
62/13	Komite for næring, kultur og idrett	26.08.2013

VEDK. SØKNAD OM TILSKOT TIL MARKERING AV STEMMERETTSJUBILEET 2013

Tilråding:

1. Herøy Kystmuseum får eit tilskot på kr. 14.000 til dekning av utgifter i høve markering av stemmerettsjubileet i tilknytning til Kulturminnedagen 2013.
2. Tilskotet skal dekkast opp over konto 14700.4011.231.
3. Tilskotet kan betalast ut når kvitteringar for utgiftene skissert i søknaden ligg føre.

Særutskrift:

Kulturleiaren
Herøy Kystmuseum, 6070 Tjørnvåg

Vedlegg:

Søknad datert 6.08.13

Saksopplysningar:

Herøy Kystmuseum ynskjer å markere stemmerettsjubileet 2013 under Kulturminnedagen søndag 15. september. Dei ser det som ei av sine viktigaste oppgåver at både barn og vaksne får verte kjende med den innverknaden sagaøya Herøy, kyrkjetuftene og handelsstaden har hatt for Herøysamfunnet si utvikling.

Under den årlege kulturminnedagen - European Heritage Days - på hausten har Kystmuseet lange tradisjonar med å ta del gjennom arrangement som stettar dei skiftande temaene.

Tema for kulturminnedagen 2013 er «Historiens kvinner og menn, - deltakelse, fellesskap og handling».

11. juni 2013 var det 100 år sidan norske kvinner fekk full stemmerett. Kystmuseet ser det som naturleg å sjå til at programmet for kulturminnedagen 2013 stend i stemmerettsjubileet sitt teikn, og ser såleis fram til å kunne by publikum innhaldsrike opplevingar med fokus på lokale kvinnelege kunst- og kulturaktørar som bodberarar av tidlegare kvinner sine stemmer.

Programmet som er presentert i vedlegget viser ein brei presentasjon av engasjerte og sterke kvinner frå tidlegare tider. Kort skissert:

1. Utstillingsopning: «Stemmene».
Kunstinstallasjon i Steinhuset med romkunstnar Marit Moltu.
2. «Magdalena Thoresen – ei stemme frå 1800-talet»
Bildeforedrag med Beate Moltubakk Ørstavik – basert på hennar mastergrad i kulturmøte ved Høgskulen i Volda 2012.
3. «Anna Olava Berg Olsen – Den gløymde husfrua i Herrøe»
Vandrefortelling i våningshuset med forteljar Guri Aasen
4. Anna program:
 - Herøy Sanitetsforeining samt fleire gode lokale krefter innan tradisjonsboren kvinnekultur har fått invitasjon til å presentere seg.
 - Kvinnerepresentantane i formannskapet og kommunestyret vert også naturleg nok inviterte for å kaste glans over stemmerettsjubileet.
 - Gardsmat vert det også å få kjøpt, slik som brennsnut, heimebaka flatbrød, helledrivarar, heimesmør og rjomegraut, så ingen skal gå svoltne derifrå.

Sjå meir utdjupa program i søknaden.

Kystmuseet har lagt ved eit budsjett på brutto kr. 48.000.

Utgiftene gjeld honorar, marknadsføringsmateriell, annonsering og innkjøp i høve matsal.

Inntektene som er estimert, er: billettinntekter, kiosksal, tilskot frå stiftinga Fritt ord og omsøkt tilskot frå Herøy kommune.

Herøy Kystmuseum søker med dette Herøy kommune om eit bidrag til markeringa av stemmerettsjubileet på kr. 14.000.

Vurdering og konklusjon:

Det er rett som kystmuseet skriv / har fått opplysningar om, at det har vore få arrangement i Herøy i høve stemmerettsjubileet.

Ein kan opplyse at det vart gjort ei markering i tilknytning til kvinnedagen 8. mars. Elles kan det nemnast at Herøy folkebibliotek skal ha eit arrangement mandag 2. september i samarbeid med Herøy Rotary med ein temakveld med tittelen « Frå røyserett til likestilling? – kvinner i politikken i Møre og Romsdal». Lektor, skribent og politiskar Eivind Hasle er invitert til å halde foredrag.

Biblioteket har også planar for eit arrangement i nov der Trude Teige er invitert.

Møre og Romsdal Fylke ved Gunn Berit Gjerde hadde også planar for eit fellesarrangement i området, men når ho fekk info om det ovanfor nemnte, så trekte ho sin søknad om tilskot frå Herøy.

Tilskotsposten for denne type arrangement er diverre oppbrukt. Rådmannen synast det er eit flott tiltak kystmuseet har planar om og vil foreslå at ein ser etter ubrukte midlar på andre fagområder og omprioriterer desse slik at støtte skal verte muleg.

Kulturleiar vil foreslå at ein nyttar midlar frå posten for driftsmidlar til barn og unge, 14700.4011.231 som ikkje er nytta fullt ut.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>	Programmet i høve stemmerettsjubileet vil vere positiv for folkehelsa gjennom deltaking, aktivitet, oppleving og kunnskap
-------------------------------------	---

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>	Ingen større konsekvensar for beredskapen
------------------------------------	---

<u>Konsekvensar for drift:</u>	Ingen større konsekvensar for drifta.
--------------------------------	---------------------------------------

Fosnavåg, 16.08.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Andreas Kvalsund
Avd.leiar

Sakshandsamar: Andreas Kvalsund

HERØY KOMMUNE
v/ Formannskapet / rette vedkomande

 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg.nr. 2013/985	Saksbeh. AK
- 6 AUG. 2013	
Ark.kode P 223	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 1
Kassasjon	

Vår ref: Avdelingsleiar Håvard Hatløy / prosjektmedarbeidar Guri Aasen

SØKNAD OM TILSKOT TIL MARKERING AV STEMMERETTSJUBILEET 2013

Når: **Kulturminnedagen søndag 15. september 2013.**
Arrangør: **Herøy Kystmuseum**

Søknadssum: kr. 14 000,00 (Budsjett og finansierungsplan i vedlegg 1)

1. Om Herøy kystmuseum som kulturformidlar

Herøy Kystmuseum ser det som ei av sine viktigaste oppgåver at både barn og vaksne får verte kjende med den innverknaden sagaøya, kyrkjetuftene og handelsstaden har hatt for Herøysamfunnet si utvikling. Kunnande og vitande om forhistoria vår skaper lokal identitet - «av fortid og samtid gror vår framtid».

Museet har såleis årlege kulturformidlingstilbod og utstillingar som søker å dokumentere levemåten ved den verharde kyststripa i skuggen av Stadtlandet.

På museet si heimeside www.heroykystmuseum.no finn ein fyldig informasjon om tilboda.

2. Kulturminnedagen sett i lys av stemmerettsjubileet

Kulturminnedagane - European Heritage Days – vert i september kvart år markert over heile Europa, og Herøy Kystmuseum har lange tradisjonar med å ta del gjennom arrangement som stettar dei skiftande temaene.

Tema for kulturminnedagene 2013 er «**Historiens kvinner og menn – deltagelse, fellesskap og handling**». 11. juni 2013 var det hundre år sidan norske kvinner fikk full stemmerett.

Ved spørsmål til servicetorget i Herøy kommune har vi fått opplyst at det hverken har vore eller er tenkt andre offentlege markeringar i kommunen vår i dette høvet.

Som kulturinstitusjon er det heilt naturleg for Herøy kystmuseum å sjå til at programmet for årets kulturminnedag søndag 15. september stend i stemmerettsjubileet sitt teikn, og vi ser såleis fram til å kunne by publikum innhaldsrike opplevingar med fokus på lokale kvinnelege kunst- og kulturaktørar som bodbærarar av tidlegare kvinner sine stemmer.

Det vil i så måte vere gildt om Herøy kommune ser verdien av å bidra økonomisk til at det påtenkte programmet let seg gjennomføre.

PROGRAM:

1) Utstillingsopning: «STEMMENE»

Kunstinstallasjon i Steinhuset med romkunstnar Marit Moltu

Marit Moltu si skildring av tanken bak utstillinga:

«Installasjonen skal bestå av 21 «Kvinneportrett», og er ein del av eit tema eg lenge har arbeidt med: «Ansikt som ikkje er nokon». Det omhandlar identitet, eller anonymitet, generelt, men denne gongen fokuserer eg spesielt på kvinner som ikkje kom til orde, eller vart tvinga til å teie. Eg viser dei først og fremst gjennom blikket, i deira eige uttrykk, utav det stumme... og utav ei mørk historie. Som «ikon» vert dei enkelt oppførde på bearbeidde trefjøl, og kvar av dei får ein bitteliten skriftleg presentasjon i prosaform.

Staden er kun opplyst av få levande ljøs, der er benkar i ein viss orden, laga for romet. Folk kan tilbringe ei roleg stund der, kjenne på atmosfæren og få blikkontakt med desse identitetane.

Installasjonen kan stå ei tid. Eg tenkjer om mogleg, på å ta inn mindre grupper til eit møte, ein liten dialog, eller dikt og fortelling, og eg vil også kunne bruke installasjonen ved andre høve om der er interesse.»

Fotodokumentasjon av kunstinstallasjonen «STEMMENE»:



Utstillingslokalet: Steinkjellaren



To av dei 21 kvinneportretta



«Margareta Isaksdotter dikta songar. Vart tvinga til å teie. Døydde sjuk 26 år»

Formidling for skuleelevar:

Ei anna viktig målsetjing med utstillinga er at den hausten 2013 vil inngå som program i det årvisse kulturhistoriske formidlingsprosjektet « *Tankar, ord og gjerningar* » som museet i samarbeid med Den kommunale kultursekken i Herøy og med RDA –støtte tilbyr dei 140 10.klassingane i Herøyskulen, og der fokus i år naturleg nok vert likestilling. Marit Moltu vert innleigd som kunstfagleg formidlar for sjølv å ta elevane med inn i utstillinga.

Utstillinga sitt vidare liv:

« STEMMENE » skal sjølv sagt kome til orde utover dei nemnde høva ved at den vert open for museet sine gjestar både hausten 2013 og i 2014, og vi vil marknadsføre den inn mot både reiseliv, lokalmarknad, bedrifter og organisasjonar.

2) «Magdalene Thoresen – ei stemme frå 1800-talet».



Bildeforedrag med Beate Moltubakk Ørstavik – basert på hennar mastergrad i Kulturmøte ved Høgskulen i Volda våren 2012.

Beate Moltubakk Ørstavik si skildring av foredraget:

«I høve hundreårsfeiringa for kvinna sin stemmerett 2013 vil eg sjå nærare på ei kvinne på 1800-talet og hennar vilkår.

Magdalene Thoresen (1819-1903) kom frå Danmark til Herøy i 1842 som guvernante for prost Hans Conrad Thoresen (1802-1858) sine fem born. Ho blei gift med den 17 år eldre prostens året etter.

Magdalene var av småborgarskapet i garnisonbyen Fredericia på Jylland. Ho viste tidleg eit kunstnartalent men ho visste òg at ho måtte skifte stand for å få ei stemme ut til si samtid. Ho let seg ikkje underkue fordi ho var kvinne. Ho måtte tåle motgang frå både kvinner og menn.

*Eg vil kort kome inn på klassebakgrunnen og kva eigenskapar Magdalene hadde som gjorde at ho vann over underkuing og motstand. Mottoet hennar frå tidlege år var å vere "seg sjølv bekjent". Ho var inga kvinnesakskvinne, sa ho sjølv, ho såg mennesket, ikkje kjønnet. Forfatterinna Magdalene Thoresen har fått ein renessanse i dag. At ei kvinne frå allmugen levde og verka midt blant eliten på siste halvdel av 1800-talet er interessant i seg sjølv. Når det gjeld meldingar i ettertid og notid vert Magdalene rekna som pioner i sitt tidlege forfattarskap, men som ein som dilta med tida i sitt seinare forfattarskap; frå nyskapande i poesien (*Digte af en Dame*, 1860) til forsonande og kritikarvennleg. Litteraturvitarar i dag har dessutan fokusert meir på breva hennar enn forfattarskapen, på kvinna meir enn på*

diktekonsten. Ho var svigermor til Henrik Ibsen og Bjørnstjerne Bjørnsons sjelevenn. Mange myter er spunne.

Magdalene kom til Herøy og Sunnmøre i 1871, 30 år etter at ho budde her (1842-1844). Ho ville skrive sine "livsbilleder". Året etter kom boka Billeder fra Vestkysten af Norge. I forordet til det nye opplaget som kom i høve 80-årsdagen hennar 1899, fortel Magdalene om då ho første gong kom til Sunnmøre, om den besværlege reisa, og inntrykket av den mektige naturen. At livsfilosofien til dei innfødde: "En faar sjaa'n i Øgene" var noko ho kunne ta lærdom av. Som ho sjølv seier: "Ved efterhaanden at maale fast Syn med Uhyret, fortog Skrækken sig, og jeg var frelst. Men det er sandt: Jeg var og med det Samme bunden af det – hugbunden som det hed, og jeg kunde fra nu af verken føle eller tænke uden i samklang med denne mægtige Natur". Dette er eit døme på kor djupt naturen og folkekarakteren på Sunnmøre rørte henne.

Eg vil fokusere på samtida sine meldingar av tre verk: Digte af en Dame, Min Bedstemoders Fortælling og Billeder fra Vestkysten af Norge, for å vise både motgangen og medgangen ho fekk. Eg vil òg kome inn på at Magdalene måtte kompromisere pga denne kritikken for å kunne brødfø seg sjølv, sine barn og si gamle mor.

Magdalene kjempa heile livet for tilhøyrslø, til land, til klasse, til menneske. Likevel går det an å seie at ho kjempa for det motsette, å fri seg frå tilhøyrslø. Ho ville vere norsk forfattar, men fekk ikkje anerkjenning frå det offentlege før i eldre år. På 80-årsdagen fekk ho Kongens fortenestemedalje frå både Noreg-Sverige og Danmark. Magdalene såg etter eit høve og tok det når det baud seg: Fabrikanten Steffen Peder Anker Heegaard (1815-1893) var redninga hennar til å få utdanning som guvernante i København. Hans Conrad Thoresen var redninga hennar til å få ei tilhøyrslø i embetsstanden. Ho blei tidleg enke og var avhengig av eit stort nettverk med forleggarar, venner, kunstnarar for å kunne utfalde seg kunstnarisk og samstundes ta hand om familien. Magdalene sin veg gjekk gjennom hjartet og kjenslene for å oppnå det ho ville. Diktekonsten var det viktigaste og i alders år kunne ho seie at ho alltid hadde vore "seg sjølv bekjent".»

3) « Anna Olava Berg Olsen - Den gløymde husfrua til Herrøe»

Vandreforteljing i våningshuset med forteljar Guri Aasen



Guri Aasen si skildring av framsyninga:

«På slutten av 1700-talet var det Sivert Olsen – kyrkjeeigar, proprietær og handelsmann – som huserte på Herøy Gard saman med kona Anne Olava, deira 7 born og tenarskapet. Det er imidlertid svært lite, i motsetning til husbonden, som er skrive om Anne Olava, og i dag kjenner dei fleste navnet berre i form av jekta Anna Olava og ei kyrjeklokke Sivert fekk støypt etter hennar død, og som etter å ha vore på vidvanke endeleg er attende på garden. Det ein veit er at ho var fødd Anne Olava Berg i Molde i 1746 av foreldra Johanne Larsdotter og Jakob Olsson Berg, og at ho og Sivert Olsen gifte seg i Molde kyrkje i 1766, kom hit våren 1770, sette til verda 12 born i løpet av 16 år og døydde ein mørk desemberkveld i 1784, 36 år gamal.

Målsetjinga for framsyninga har såleis vore gjennom djupdykk i gamle kjelder og historiebøker å vekke til liv Anna Olava si forteljing for slik å gje kvinnene i hennar tid ei **stemme**; som bønder, handelsdrivande, administratorar, mødre, koner o.s.v.»

Formidling for skuleelevar:

Ei anna viktig målsetjing med framsyninga er at den hausten 2013 vil inngå som program i det årvisse kulturhistoriske formidlingsprosjektet «*Tankar, ord og gjerningar*» som museet i samarbeid med Den kommunale kultursekken i Herøy og med RDA –støtte tilbyr dei 140 10.klassingane i Herøyskulen, og der fokus i år naturleg nok vert likestilling.

Anna program:

- **Herøy sanitetsforeining** samt fleire gode lokale krefter innan tradisjonsboren kvinnekultur har fått invitasjon til å presentere seg.
- **Kvinnerepresentantane i formanskapet og kommunestyre** vert også naturleg nok inviterte for å kaste glans over stemmerettsjubileet.
- **Gardsmat** vert det også å få kjøpt, slik som brennsnøt, heimebaka flatbrød, helledrivarar, heimesmør og rjomeringe, så ingen skal gå svoltne herifrå.

På førehand takk for positiv handsaming av søknaden, med von om fruktbart samarbeid som kjem heile befolkninga i Herøysamfunnet til nytte og glede – uansett kjønn.

Herøy Gard 06.08.2013

Vennleg helsing

HERØY KYSTMUSEUM

v/ Guri Aasen –prosjektmedarbeidar i 50% stilling



for Håvard Haraldsson Hatløy
Avdelingsleiar

Vedlegg 1: Budsjett og finansieringsplan

Vedlegg 1 til søknad om tilskot frå Herøy kommune i høve Stemmerettsjubileet 2013:

Budsjett og finansieringsplan programinnslag

Kostnadsoverslag	Sum
Honorar Marit Moltu utvikling kunstinntallasjon	30000
Honorar Beate Moltubakk Ørstavik foredrag	2000
Honorar Guri Aasen fortelje-framsyning	3000
Marknadsføringsmateriell	4000
Annonsering	4000
Innkjøp til matsal (mellom anna brennsnøt frå Lanternen)	5000
Sum kostnader:	48000
Finansieringsplan:	
Estimerte billettinntekter (150 billetter á kr. 80)	12000
Estimerte inntekter kiosksal	12000
Estimert tilskot frå stiftinga FRITT ORD	10000 1)
Sum eigenfinansiering	34000
Omsøkt tilskot frå Herøy kommune	14000
Sum finansiering	48000

Kommentar til finansieringsplanen:

1) Søknad til stiftinga FRITT ORD til utvikling av kunstinntallasjonen " STEMMENE"
vert handsama i midten av september.

Herøy Kystmuseum 06.08.2013



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AK	Arkivsaknr:	2013/173
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
63/13	Komite for næring, kultur og idrett	26.08.2013

VEDK. TILSKOT TIL PROSJEKTET - EIT GLIMT AV TIDER SOM VAR PÅ HERØY GARD

Tilråding:

1. Herøy Kystmuseum får eit tilskot på kr. 5000 til dekning av køyregodtgjerdslø og diett i høve prosjektet «Eit glimt av tider som var på Herøy Gard»
2. Tilskotet skal dekkast opp over prosjektkontoen til kulturavdelinga 14700.4011.231
3. Tilskotet kan betalast ut når kvitteringar for det omsøkte ligg føre.

Særutskrift:

Kulturleiar
Herøy Kystmuseum, Eigarstyret, 6070 Tjørnvåg

Vedlegg:

Søknad datert 31.07.13

Saksopplysningar:

Herøy Kystmuseum med samarbeidspartar gjennomførte over 4 dagar i mai prosjektet «Eit glimt av tider som var på Herøy gard» for 6. klassingane i Herøyskulen, dvs ca 125 elevar fordelt på 2 dagar for kvar.

Prosjekttemaene var Sagaøya Herøy, Middelalderkyrkja og Herøy Handelsstad og gard. I høve temaene vart fylgjande verkstader nytta: Handverk og mytologi i vikingtid, Kyrkjeleg kulturverkstad, fiskaren og båten, husflid på 1700-talet og matstell på 1800-talet.

I tillegg til dei tilsette knytt til kystmuseet og Sunnmøre Museum, leigde dei inn pensjonistar frå ytre Herøy. Desse gjer kvart år ein stor dugnadsinnsats for å få dette flotte prosjektet som no har gått i mange år, vel i hamn. Dei får ikkje løn for innsatsen, men ein syter for køyregodtgjerdslø og diett for dei. Dette beløper seg til ca kr. 5000.

Kystmuseet søker om å få dekt opp dette då det ikkje er med i prosjektkostnadane.

Vurdering og konklusjon:

Dette flotte prosjektet som har gått inne på Herøy på 4. året, er med i den lokale kulturplanen for Herøyskulen. Utanom kulturnista med sine mange opplevingar, og kulturloaustilboda som skulane køyrer, så køyrer vi fleire flotte prosjekt i kulturplanen. I høve til kulturplanen så får Herøy ca kr. 85.000 frå spelemidlane gjennom fylket som er med å finansiere desse prosjekta.

Prosjektet «Eit glimt av tider som var på Herøy gard» er det største av prosjekta i kulturplanen og får eit tilskot på kr. 30.000 frå spelemidelpotten. Prosjektbudsjettet er på kr. 69.000. Det resterande vert dekt opp av ulike sponsorar og eigenfinansiering.

Dei mange pensjonistane som er med i prosjektet, gjer ein uvurderleg innsats kvart år for å drage dette i land. Også i fjor fekk dei eit tilskot frå kulturmidlane på kr. 5000.

Rådmannen vil absolutt støtte dette prosjektet og foreslår at det vert bevilga kr. 5000 som omsøkt til diett og køyregodtgjerdslø.

Tilskotet skal dekkast opp over prosjektkontoen til kulturavdelinga.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>	Prosjektet har positive konsekvensar for folkehelsa gjennom trivsel, aktivitet og oppleving
-------------------------------------	---

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>	Mindre konsekvensar for beredskap
------------------------------------	-----------------------------------

Konsekvensar for drift:

Mindre konsekvensar for drifta

Fosnavåg, 15.08.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Andreas Kvalsund
Avd.leiar

Sakshandsamar: Andreas Kvalsund

Søknad om tilskot til kulturføremål 2013


Retningslinjer og kriterium for tildeling finn de på Herøy kommune sine heimesider: www.heroy.kommune.no. Felles søknadsskjema for alle tilskotsordninger.

NB! For alle søknader utanom driftstilskot: Legg ved orientering / plan, budsjett og finansieringsplan for søknaden.

HERØY KOMMUNE	
FADMI	
Reg. nr.	Dok. nr.
10/1/2013	
Ark. kode P	Ark. kode S
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Namn på organisasjonen Herøy Kystmuseum - eigarstøtt		
Organisasjonsnummer 982 451 167		
Adresse Herøy gard	Postnr. 6070	Poststad Tjørvåg
Telefon 7008 5290	Telefaks	E-post post@heroykystmuseum.no
Tilslutta forbund / hovudorganisasjon Stiftinga Sunnmøre museum		Bankkonto 3900 3059840
Leiar for laget: Tor Sindre Stensvik		
Adresse Herøy gard	Postnr. 6070	Poststad Tjørvåg
Telefon 9707 7209	Telefaks	E-post tor.sindre.stensvik@heroy.kommune.no

Stad, Herøy kystmuseum

Underskrift : 
selektor for eigarstøtt

NB! Set kryss i feltet til høyre i skjemaet under for aktuell søknadskategori. Hugs, berre ein søknadskategori pr. søknad

a) Driftstilskot. Sjå vedlagde Retningslinjer og Fordelingsnøkkel for driftstilskot													
b) Tilskot til leikeplassar – nye tiltak / investeringar. Sjå retningslinjer og tildelingsprinsipp. NB: Legg ved orientering / budsjett / finansieringsplan													
c) Tilskot til særskilde arrangement / underskotsgaranti 1 Underskotsgaranti : Sjå vedlagde tildelingsprinsipp 2 Tilskot til særskilde arrangement: Sjå Krav / vilkår for begge tilskotsordningane: NB: Legg ved orientering / budsjett / finansieringsplan	X												
d) Tilskot til kurs innan kulturområdet. Sjå Retningslinjer og tildelingsprinsipp NB: Legg ved orientering / budsjett / finansieringsplan													
e) Oppstartingsstilskot til nytt lag. Sjå Retningslinjer og tildelingsprinsipp NB: Legg ved orientering / plan for søknaden													
f) Tilskot til eingongsinvesteringar / prosjekt. Sjå Retningslinjer og tildelingsprinsipp. NB: Legg ved orientering / budsjett / finansieringsplan													
g) Dekning av husleige til aktivitetar knytt opp mot vaksenopplæring. Ved tilskot av VO-midlar skal det vere fri husleige. Hugs dokumenterte bilag. NB: Legg ved orientering / rekneskap for søknaden													
OPPLYSNINGAR OM LAGET: Kor ofte har laget samlingar / treningar / øvingar pr. veke / pr. mnd.:Totalt i året: stk. Kor mange registrerte medlemmar har laget under 20 år: stk. Over 20 år:stk. Totalt: stk. Kor mange <u>aktive</u> medlemmar har laget under 20 år pr. 01.01. i søknadsåret:stk. Kor mange <u>aktive</u> medlemmar har laget <u>over</u> 20 år pr. 01.01. i søknadsåret:stk Sjå prinsipp for tildeling!													
Aktivitetar gjennom året: Gi ei kort skildring av aktivitetane til laget i året som gjekk og planer laget har for inneverande år.													
<table border="0"> <thead> <tr> <th>DRIFTSREKNESKAP SISTE ARBEIDSÅR -</th> <th>Hovudtal:</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Samla inntekter:</td> <td>Kr.....</td> </tr> <tr> <td>Samla utgifter:</td> <td>Kr.</td> </tr> <tr> <td>Gjeld:</td> <td>Kr.....</td> </tr> <tr> <td>Eigenkapital:</td> <td>Kr.</td> </tr> <tr> <td>Kulturtilskot i fjor:</td> <td>Kr.</td> </tr> </tbody> </table>		DRIFTSREKNESKAP SISTE ARBEIDSÅR -	Hovudtal:	Samla inntekter:	Kr.....	Samla utgifter:	Kr.	Gjeld:	Kr.....	Eigenkapital:	Kr.	Kulturtilskot i fjor:	Kr.
DRIFTSREKNESKAP SISTE ARBEIDSÅR -	Hovudtal:												
Samla inntekter:	Kr.....												
Samla utgifter:	Kr.												
Gjeld:	Kr.....												
Eigenkapital:	Kr.												
Kulturtilskot i fjor:	Kr.												

REKNESKAPEN SKAL VERE REVIDERT AV EIN NØYTRAL PERSON!

Event. tilskot skal sendast til: Stillinga Sunamør museum - ad. Herøy
Adresse: P. b 6607 Halland, 6024 Ålesund
Bankkontonr. 39003059840 (Må vere med).

Herøy museum,
Prosjekt 115

Herøy hpt museum den 30/7-2013

Underskrift leiar / nestleiar

Selma For

Underskrift lagets revisor

Vedlegg	Set kryss for kva som ligg ved søknaden
Medlemsliste / frammøtelister (i søknad om driftstilskot)	
Vedtekter	
Kostnadsoverslag	<u>Vedlegg 1</u>
Finansieringsplan	<u>Vedlegg 2</u>
Plan for arbeidet / arrangementet / kurset / laget	
Revidert regnskap for siste året	
Registreringsskjema for laget	



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AK	Arkivsaknr:	2013/173
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
64/13	Komite for næring, kultur og idrett	26.08.2013

SØKNAD OM TILSKOT TIL REHABILITERING AV HIRDHOLA

Tilråding:

1. Herøyspelet får eit tilskot på inntil kr. 7000 til dekning av utgifter i høve rehabilitering av Hirdhola.
2. Midlane skal dekkjast opp over post 14700.4011.231.
3. Utgiftene inntil kr. 7000 vert å betale av kommunen når faktura ligg føre.

Særutskrift:

Kulturleiar
Stiftinga Herøyspelet, Postb. 274, 6099 Fosnavåg

Vedlegg:

Søknad datert 12.07.13.

Saksopplysningar:

Herøyspelet hadde kontakt med kommunen ved ordførar og kulturleiar i månadsskiftet juni/ juli der det vart spurt om kommunen kunne vere med å dekke litt av utgiftene i høve ei rehabilitering av Hirdhola.

Det vart då spurt om å dekke ca kr. 7000 av utgiftene og etter ein ringerunde til leiar av NKL-utvalet og rådmann var ein einig i å imøtekome førespurnaden. På grunn av ferieavvikling vart ein einig om å skrive ei sak for politisk handsaming i ettertid.

Hirdhola er ei av 4 tilbaketrekingsplassar for aktørane i Herøyspelet «Kongens Ring» og vert nytta når dei ikkje er på scena under spelet og i øvingar. Hirdhola ligg i eit lågare terreng enn resten av kulissane i tilknytning til Herøyspelet. Vatn frå bakanforliggande områder sig ned i dette området og gjer det vått og blautt, myrete. Området har aldri vorte skikkeleg drenert.

Ein storstilt dugnad vart sett i gong i veka før spelet og avslutta i veka etter spelet. Ved hjelp av ein liten gravar vart myr skifta ut med pukk og grus. Drensledning vart lagt i bakken for å lede vekk tilsig av vatn. Det er etablert sluk med sandfang og lagt fram vatn til området. Det siste med tanke på brannsikringstiltak.

Det er bygt nye langbord og nye benkar til langborda. Det er bygt ny lydvegg mot amfiet.

Aurvoll og Furesund har vore hovudsponsor og velvillig stilt med minigravar og levert pukk og grus. Bygg og System har levert byggematerialar til ny skråvegg og sauehinder.

Hirdhola vert mykje nytta i sommarhalvåret av barnehagar og skuleklasser til ulike samlingar og årsavslutningar. Også næringslivet og kommunen forøvrig nyttar området til ulike samlingar. Det er også ein populær grillplass for lag og organisasjonar og andre grupperingar.

Det er lagt ved eit kostnadsoverslag over utført arbeid inkl. dugnadsarbeidet

Vurdering og konklusjon:

Dugnadsarbeidet som eldsjelene i Herøyspelet har lagt for dagen i høve rehabilitering av Hirdhola er berre kjempeflott.

Dette er eit område som vert nytta av svært mange. Vi får mange førespurnader kvart år om å få nytte området i månadane før ferien og litt i september. Då ofte i høve årsavslutningar, samlingar i jobbsamanheng og klubbssamlingar for lag og organisasjonar. Kulturkontoret koordinerer dette og sender ut leigeskjema. Dette for å førebygge og ansvarleggjere i høve til brannsikring, bruk av toalett og event. krasj der fleire vil vere der samtidig.

Rådmannen er svært positiv til dette flotte kulturarbeidet som personane i Herøyspelet legg for dagen, og til dugnadsarbeidet som i dette høvet er gjort av dugnadsgjengen.

Rådmannen vil ut frå førespurnad og søknad støtte dette arbeidet med eit tilskot som førespurt.

Tilskotet skal dekkjast opp over prosjektkontoen til kulturavdelinga, som pr i dag har ledige midlar.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>	Tilskotet vil vere positivt i høve til folkehelse og til miljøa knytt til trivsel ute på Herøy
-------------------------------------	--

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>	Mindre konsekvensar i høve til beredskap
------------------------------------	--

<u>Konsekvensar for drift:</u>	Mindre konsekvensar i høve til drift
--------------------------------	--------------------------------------

Fosnavåg, 14.08.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Andreas Kvalsund
Avd.leiar

Sakshandsamar: Andreas Kvalsund

Hilde Skinnes

Fra: Hilde Skinnes
Sendt: 12. juli 2013 10:03
Til: Hilde Skinnes
Emne: VS: Søknad om tilskot til kulturføremål 2013

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/173	Saksbehandler AK
12 JULI 2013	
Ark.kode P 223	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 44
Kassasjon	

Fra: Herøyspelet [<mailto:kongensring@heroyspelet.no>]

Sendt: 11. juli 2013 16:45

Til: Andreas Kvalsund

Emne: VS: Søknad om tilskot til kulturføremål 2013

Hei Andreas.

Styreleiar i Stiftinga Herøyspelet, Paul Myrvågnes Hildre og dugnadsleiar Sigurd Nygård har i lag utarbeida ei orientering med kostnadsoverslag for arbeidet som er utført i Hirdhola. Sjå nedanfor

Med venleg helsing,

John André Nærø
Dagleg leiar Herøyspelet.
Telefon: 926 69 478
www.heroyspelet.no

Velkomen til vikingmusikalen *Kongens Ring*, den 6. og 7. juli 2013

Fra: Paul Myrvågnes Hildre [<mailto:Paul.Myrvagnes.Hildre@TUSSA.NO>]

Sendt: 11. juli 2013 14:36

Til: 'Herøyspelet'

Emne: SV: Søknad om tilskot til kulturføremål 2013

Heisann

Har i dag hatt eit møte med Sigurd Nygård, leidar i Hirdhola og leidar for dugnaden som er utført der.

Fyrst ei orientering om arbeidet, og behovet for å få det gjort.

Hirdhola vart etablert over eit berg krater som var fylt med myr, ein myr sump. Vatn frå bakanforliggende terreng har aldri vorte tilfredstillande drenert. Der har på det jamne vore vått og blaut. Dette har også påført unødige skit og slitasje på kostyme ne. Det var difor heilt nødvendig å få vekk myr sumpen om fylle opp med pugg og grus, og få vatnet drenert vidare mot havet. Dette var eit tidkrevjande arbeid. På grunn av brua og vegen, måtte vi frakte pugg og grus i små lass, og så eit kosnadskrevjande arbeid.

Det er etablert dreneringsgrøft, sluk med sandfang og framlagt vatn. Det siste med tanke på brannsikrings tiltak, då dette også er ein grillplass.

Trearbeid er utført med bygging av nye langbord og nye benker til langborda. I tillegg er det bygd ny lyd vegg mot amfiet.

Aurvoll og Furesund har vore hovedsponsor og velvillig stilt med mini gravar og levert pugg og grus. Bygg og System har levert byggemateriale til ny skråvegg og saudehinder.

12 personar frå Hirden har jobbe med dette i i sju dagar. I snitt 5 timar pr dag. Vi verdsett dugnadstimane etter forsikringsselskapa sinne takster for eigeninnsats, kr 200 pr time. Dei har loggført dugnaden, då vi meiner det er viktig å synleggjere denne innsatsen.

Overslag av materiell og arbeid:

Mini gravar	4 dagar	kr 400,00 pr time	kr 8000,00
Lastebil	7 dagar	kr 200,00 pr time	kr 7000,00
Arbeid	7dagar	kr 200,00 pr time	kr 84000,00
Grus og pugg	40 m3	kr 170,00 pr m3	kr 6800,00
Fiberduk	70 m2	kr 60,00 pr m2	kr 4200,00
Dreneringsrør	24 m	kr 40,00 pr m	kr 960,00
Kryssfiner	16 m2	kr 75,00 pr m 2	kr 1200,00
Vannslange	50 m	kr 24,00 pr m	kr 1200,00
Koblingar	2 stk	RS	kr 200,00
Ny lydvegg	25 m2	kr 125,00 pr m2	kr 3125,00

Til saman ink. avg. kr 116685,00

I tillegg er det gått med meir enn 8 timar til sponsor fangst.

Til orientering var det sagt kr 7000,00 frå ordføraren, men vi tek gjerne ¼ av bruttokostnaden.

Vil elles minne om den allmennnyttige funksjon Hirdhola har elles i året.

Stiftinga Herøyspelet


Paul Myrvågnes Hildre
styreledar

Stiftinga Herøyspelet
Org. Nr.: 976 052 994
paul.hildre@tussa.no
90895587



Varsel om oppstart av planarbeid

